Framtidas vidaregåande opplæring

– innspel frå instituttleiarar i høgare utdanning

Instituttleiarar for institutt med framandspråk i fagporteføljen frå 6 høgskuler og universitet i Noreg har lest Utdanningsdirektoratet sitt framlegg til ny modell for vidaregåande opplæring. Vi er uroa for framlegget og kva det vil ha å seie for framandspråkskompetansen i Noreg i åra framover.

Formål

Udir sitt framlegg inkluderer ei formulering av formål med felles innhald for vidaregåande opplæring. Vi opplever at denne formålsformuleringa har eit altfor snevert fokus på Noreg og ei for smal forståing av kva det norske er. Vi ser at det norske samfunnet vil ha bruk for borgarar som har ei betre forståing for Noreg sin plass i verda og for det mangfaldet som norsk samfunn består av i dag og i åra framover.

Vi opplever at Udir med sitt framlegg ikkje tar innover seg essensen i Opplæringslova sin formålsparagraf, kor vi finn formuleringa som «åpne dører mot verden», «verdiar som òg kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn» og «vår felles internasjonale kulturtradisjon».

Vi oppmodar difor til å gjere tydelege endringar i den framlagte teksten og inkludere ord som signaliserer ei opnare og breidare forståing av kva elevene skal lære.

Framandspråk

Udir føreslår å gjere grunnleggjande endringar i opplæringa i framandspråk i vidaregåande skule. Frå den ordninga vi har i dag, kor framandspråk er obligatorisk for alle i studiespesialiserande opplæring, til ei ordning kor framandspråk er redusert til eit valfag for ei av seks føreslåtte studieretningar. Vi er svært kritiske til dette framlegget, av fleire årsakar.

For det første meiner vi at ei så omfattande endring må utgreiast og argumenterast mykje meir grunnleggjande enn det Udir gjer i sitt framlegg. Vi kan ikkje sjå at Udir har gjort nokre former for analyse av kva konsekvensane av ei slik omlegging vil vere for kompetansen på framandspråk i Noreg. Kunnskapsgrunnlaget Udir baserer seg på framstår som mangelfullt og vi opplever ikkje at Udir argumenterer for kvifor den føreslåtte omleggingа er ein naturleg konsekvens av det som går fram i kunnskapsgrunnlaget.

For det andre frykter vi at den føreslåtte omleggingа i realiteten vil frata mange elevar i vidaregåande skule moglegheita til å lære seg framandspråk. Med dagens skulestruktur og -økonomi er det usannsynleg at alle skuler vil ha moglegheita for å tilby alle

studieretningar. Udir gir inga forklaring på korleis framandspråk skal vere tilgjengeleg på skuler som ikkje har studieretninga Kommunikasjon, språk og medium.

For det tredje opplever vi at plasseringa av framandspråk innanfor retninga Kommunikasjon, språk og medium inneberer ein reduksjon av språkfaga til eit reint kommunikasjonsfag, som underspeler relevansen for framandspråk utover det reint kommunikative. I tillegg til språk som kommunikasjonsmedel inneheld opplæringa i framandspråk viktige element av interkulturell kompetanse, slik dagens læreplan held fram. Denne komponenten kunne godt ha vore styrka, slik at framandspråksopplæringa fungerer som ein perspektivløftande tilleggskomponent til undervisinga i andre fag, som til dømes samfunnsfag, næringsliv eller historie. Korleis fungerer samfunna eller næringslivet i dei landa vi lærer språket til? Korleis har desse landa utvikla seg gjennom historia? Korleis kan språket hjelpe oss til å forstå dette betre enn om vi ikkje kunne språket?

For det fjerde fryktar vi at det å gjere framandspråk til eit valfritt fag vil innebere eit dramatisk fall i talet på studentar som lærer seg framandspråk i Noreg. Framandspråk kan vere arbeidskrevjande for elevar i vidaregåande, på linje med til dømes matematikk. I ein kvardag kor elevar i aukande grad er opptatte av gode karakterar for å kome inn på det dei vil i høgare utdanning, fryktar vi at mange vil velje bort framandspråk for å få ein lettare veg til gode karaktersnitt.

For det femte er vi uroa over kva for valfridom elevane vil få om det nye forslaget vert innført. Udir skriv sjølv at det ikkje er truleg at elevane vil kunne velje mellom fleire språk. Det vil verte eit val mellom eitt framandspråk eller inkje. Når vi ser på tala for kva språk elevane vel i ungdomsskulen, er spansk dominerande. Ei slik ordning som den Udir føreslår, vil i røynda gje nokre elevar moglegheita til å velje spansk, mens tysk og fransk truleg ikkje vil verte noko alternativ. Noreg treng kompetanse ikkje berre i spansk, men òg i fransk og tysk. Tyskland er Noregs største handlespartnar og viktigaste samarbeidspartnar for forsvar.

Signaturar

Ola Goverud Andersson, instituttleiar, Institutt for språk, litteratur og kultur, HiØ

Lars August Fodstad, instituttleiar, Institutt for språk og litteratur, NTNU

Espen Johan Klævik-Pettersen, instituttleiar, Institutt for fremmedspråk og oversetting, UiA

Christine Meklenborg Nilsen, instituttleiar, Institutt for litteratur, områdestudier og europeiske språk, UiO

Martin Paulsen, instituttleiar, Institutt for framandspråk, UiB

Rune Svarverud, instituttleiar, Institutt for kultur, religion, Asia- og Midtøstenstudier, UiO

Cathrine Theodorsen, nestleiar, Institutt for språk, og kultur, UiT